

Referat frå møte i FAU ved Klepp Ungdomsskule 02.10.2017

Til stades: Gunvald Salte Falkum, Elisabeth Soma Håland, Kjetil Myklebust (fung.rektor)

Medlemmer i FAU for 2017-2018:

8: Stig Erlend Eidså (leiar) og Nina Karin Egge Bekkeheien

9: Gunvald Salte Falkum (kommunalt FAU) og Elisabeth Soma Håland

Grunna kort tidsfrist var det få oppmøtte.

- FAU arbeider med å få på plass to representantar frå 10. trinn i FAU
- Som oppfølging av tema på årsmøtet søker skulen FAU om midlar til å hente inn Barnevakten-foredragshaldar Kristian Berntzen til å komme i klassane og ha eit opplegg. Ca 6-7000,- Dette er innvilga. Bestillinga til foredragshaldar er mykje det same som på årsmøtet, men ei større spissing mot dei juridiske sidene og alvorret av netthets/-mobbing, spreiking av bilder, osv.
- NAF ønskjer å komme på skulen for å fokusere på refleksbruk og trafikktryggleik i mørk årstid. Kjem torsdag morgon 19. oktober saman med Jærradioen. Politiet er også kontakta for å halde kontroll på sykklar (lys) samstundes. Dette blir i samarbeid med skulen, FAU og NAF.
- Elisabeth har hovudansvar for nyttårsball 2018 og er godt i gang med arbeidet allereie. Det er vurdert å ha arrangementet andre stader (ex Turnhallen), men konkludert med at skulen sin aula/kantine er det beste. Viktig med godt samarbeid med elevråd i forkant.
- Mobilinnsamling i skuletida: Nytt av dette skuleåret er at alle elevane leverer inn mobiltelefonar i starten av kvar skuledag (har vore forsøksordning førre skuleår på nokre trinn). FAU støttar skulen i at skuledagen skal vere mobilfri sone. Alternativet er å legge igjen mobilen heime. Skulen ønskjer at elevane er ute og sosiale i friminutt.

Kjetil Myklebust - referent